

## Protokoll styremøte i Valdresmusea AS

2021:6

Stad: Valdres Folkemuseum

Tidspunkt: Måndag 1. november kl. 15.00–17.00

Til stades frå styret: Jan Arild Berg, Frode Rolandsgard, Brita Brenna, Odd Arne Klemmetsrud, Arne Erik Fønhus, Kristin Gulbrandsen og Aud Søyland. Til stades frå administrasjon: Anne Marit Noraker, Tove Stubbene og Ole Aastad Bråten.

### Sak 13/2021: Utkast til budsjett for 2022

Administrasjonen legg fram utkast til budsjett for 2022. Dette følgjer av dei økonomiske vilkåra gitt av statsbudsjettet og dei øvrige offentlege tilskotta, i tillegg til dei inntektene som museet framskaffar sjølv. Budsjettet følgjer opp målsettingane vedteke gjennom selskapets strategi, tidlegare planar og øvrige mål som styresmaktene ber museumssektoren følgje særleg opp. Totalbudsjett 2022 er på 21 556 000 kroner. Budsjettet viser eit positivt resultat på kr. 222 324.

Dei siste åra har regjeringa sett musea som ein nøkkel til å styrke arbeidet med inkludering og mangfald. I samband med 50-års-markeringa for avskaffinga av homoparagrafen i 2022, ber styresmaktene musea legge ein særleg innsats på tiltak som skal motverke utestenging og diskriminering. Saman med Skeivt arkiv og Nasjonalmuseet skipar Valdresmusea og Norsk institutt for bunad og folkedrakt til mellom anna seminaret Skeiv bygdehistorie og ei utstilling med skeive tematikkar.

Tiltak knytt til mangfald følgjer òg av det statlege tilskottet frå 2021. Innsatsar på dette området er i tillegg til dei skeive tematikkane forskingsprogrammet «Museene i mangfoldige samfunn», der museet bidreg med ein fagfelleurdert artikkel, og «Ung i debatten», eit demokratiprogram to år for elevlar i den vidaregåande skulen. «Ung i debatten» er finansiert av Sparebankstiftelsen DNB og strekker seg over to år. Finansiert av Sparebankstiftelsen DNB er òg eit rekrutteringstiltak i eldre handverk for barn og unge. I eigarmøte i september 2021 gav kommunane god tilbakemelding på tiltak retta mot barn og ungdom. Ein held fram tiltak på dette området på same nivå som i 2021.

Styret vedtok i 2021 å løfte støling og hyttekultur som eige satsingsområde. Frå 2022 får Valdresmusea 2,6 millionar kroner frå Norsk kulturråd sitt samfunnsrolleaktør-program til tiltak innfor dette området. Eit skigardsdele, som er namnet på dette prosjektet, går over tre år. Slik bidreg eksterne prosjektmiddel til å realisere viktige oppgåver innfor eksisterande arbeidsområde. Det same gjer eit eingongstilskott frå KUD på ein million kroner til vedlikehald av bygningar på utmarksområdet på Valdres Folkemuseum.

Dei budsjetterte eigenskapte inntektene for 2022 er kr. 4 834 500 (inkluderer ikkje gåveforsterking og inntektsført del av eingongstilskott til bygningsvern på kr. 1 000 000).

Det er framleis eit behov for dyktige handverkarar i eige stab, men mykje løyser vi ved å kjøpe tenester utanfrå. Bygningsvernet får eit løft med tilskottet frå Kulturdepartementet, men like viktig er eit digitalt verktøy for prioritering av antikvariske tiltak. Verktøyet er utarbeidd av tidlegare bygningsvernrådgjever i Hadeland, Dag Lindbråten, og identifiserer både tilstandsgrad og kostnader for dei einskilde tiltaka.

Ein vil i 2022 prioritere følgjande tiltak: oppstart fullstendig restaurering av stove på Frigstadplassen (VFM), diverse tiltak på sel frå Øygarden (VFM), ferdigstille tak på Brennbbygningen (VFM) og omlegging av taket på Stabellbygningen (BB). Det siste tiltaket kan berre skje med støtte frå eksterne bidragsytarar. Ein vedlikehaldsplan for Velkomstbygget, Administrasjonsbygget og Folkemusikkhuset vil òg ligge klar frå 2022.

Med prosjektmidlar får museet realisert fleire viktige oppgåver. Men prosjektmidlane bidreg òg til at ein sikrar botnlina i budsjettet. Det er isolert sett flott, men òg litt utfordrande, særleg for dei prosjekta der midlane i sin heilskap er gitt for å utvikle norsk museumssektor. Det fortel at det ikkje ligg inndekning for dei faste kostnadane – som aukar – i dei faste offentlege tilskotta – som ikkje aukar. Prosjekttilskott, til trass, den økonomiske ramma er derfor fortsatt trong. Eit mål for styret må vere å jobbe vidare for å auke dei offentlege tilskotta. Utan ei slik auke vil ikkje museet kunne ta på seg nye oppgåver.

I 2021 kom det på plass ein ny avtale med kommunane. Styret og administrasjonen har god dialog med eigarane om samarbeidet – og om vegen vidare for auka kommunal støtte. Frå fylkeskommunen har det kome signal om at tilskottet vil halde seg på 2020-nivå. Fylkeskommunen møter store utfordringar og må framleis kutte i drifta. Administrasjonen held fram dialogen med fylkeskommunen og den politiske leiinga på Stortinget om framtidig museumsdrift for Bagnsbergatn Nasjonale Krigsminne.

Pandemien i 2020 og 2021 skapte store utfordringar for museumssektoren, og utanlandsmarknaden var langt på veg borte også i 2021. Musea opplevde i snitt for 2020 eit bortfall av besøkande på 54 %. I 2021 tok dette seg opp noko att og for 2022 budsjetterer ein med ein besøksvekst på 8 % frå 2020-nivå, og ei forventa billettinntekt på dryge 600 000 kroner.

Valdresmusea opna i 2021 nye utstillingslokale på Valdres Folkemuseum. Dei nye utstillingane har vorte eit viktig aktivum for museet og regionen, og det har auka kvaliteten i tilbodet for dei besøkande. Tiltaket er finansiert med støtte frå staten, fylkeskommunen og private gjevarar.

Ein fullstendig arbeidsplan er ikkje på plass enno, men vil bli lagt fram for styret i desembermøtet. Det same vil vedlikehaldsplan for driftsbygningane på Valdres Folkemuseum (utarbeidd av Takst Innlandet) og den nye strategien for selskapet.

### Vedtak

*Styret har inga merknadar til budsjettutkastet for 2022. Styret takkar for fin framlegging av budsjettet samt oversynet over inntektsfordelinga, prosjekta og stillingsressursen fordelt på dei fire f-ane (forskning, formidling, forvaltning, fornying, drift/administrasjon). Styret ber om tilsvarande oversyn i samband med framtidige budsjettarbeid.*

**Tillegg: Sak 14/2021: Prosessen for vegen vidare for Velkomstbygget**

For det vidare arbeidet med investerings- og vedlikeholdstiltak på Velkomstbygget (Takst Innlandet si kartlegging og tilråding), har styret behov for å drøfte alle sider rundt overtakinga av bygget i 2010.

**Vedtak**

*Styret ber administrasjonen legge ved overtakingsprotokollen frå 2010 og Takst Innlandet sin rapport frå 2021. Styret utarbeider forslag til framdriftsplan i desembermøte.*

**Sak 15/2021: Regulering lønn Direktør****Vedtak**

K